

**Arkiv:** <arkivID><jplD>  
GBNR-137/184, FA-  
L42

**JournalpostID:**

**Saksbehandlar:**

**Dato:** 02.10.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
132/20	Utval for areal, plan og miljø	14.10.2020

**Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av kai i sjø - gbnr 137/184 Alver  
RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/5275, datert 21.06.2020, vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**Utval for areal, plan og miljø 14.10.2020:**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 132/20 Vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 20/5275, datert 21.06.2020, vert sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr 137/184

Adresse: Alver

Eigarar Anita Ergeland Risa og Øystein Risa

Klagar: Øystein Risa

Saka gjeld klage på delegert vedtak, i sak 20/5275, datert 21.06.2020 om avslag på søknad om dispensasjon frå arealformålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» i kommunedelplan for Knarvik-Alversund for etablering av kai på eigedomen. Kaien er opplyst på situasjonsplanen å vere ca. 46,7m<sup>2</sup>.

Vedtaket for avslaget på etablering av kai har følgjande ordlyd:

*«Det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandssone», i kommunedelplan Knarvik\_Alversund, for oppføring av kai i sjø på gnr. 137 bnr. 184.»*

Det er i same vedtak, datert 21.06.2020, gjeve dispensasjon for etablering av naust og slipp.

Vedtaket for dispensasjonen på etableringa naust og slipp har følgjande ordlyd:

*«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggegrense mot sjø, og krav om reguleringsplan i kommunedelplan Knarvik\_Alversund, for oppføring av naust og slipp på gnr. 137 bnr. 184 i Alver kommune.»*

Klagar stiller seg open for synfaring på tomta.

Noverande klage på avslaget gjeld kun etablering av kai.

## **Klage**

Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar over delegert vedtak i sak i sak 20/5275, datert 21.06.2020.

## **Klagerett og klagefrist**

Som part i saka har man klagerett.

Klagen er mottatt 30.08.2020. Klagefristen er avbroten innan rett tid, sjå skriv frå administrasjonen datert 27.08.2020. Klagen er mottatt innan fristen

### **Sakshandsamingsfrist**

Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker.

Saka blir behandla i møte for areal, plan og miljø den 14.10.2020, og blir handsama innan fristen.

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på.

Vedtaket skal sendast til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er avsett til naustområde på land og bruk og vern av sjø.

Eigedomen ligg og i nærleiken til omsynssone friluftsliv – Kyststien jf. Føresegna § 4.2.2. (H530\_8).

Tiltaket krev dispensasjon frå forbodet mot kaianlegg i arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner» i føresegna til KDP § 3.5.

### **Kart/foto**

Oversiktskart vedlagt søknaden



Situasjonskart, mottatt med søknaden den 06.03.2020




Bilete lagt ved søknaden – naustetomt sett frå sjøen





Bilete 1-4 lagt ved klagen – fjære (ikkje full fjære)







Bilete frå klagen – flo (ca. 1 time etter full flo)



Oversiktskart over påberopt likebehandling for etablerte kaier i området



## Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngeve med følgjande:

1. Naustetomten skal bygges ut med formål om bruk og oppbevaring av båt. I Kvernafjorden er det en del strøm i sjøen samt til dels harde værforhold, og sikker tilkomst til båt er for oss veldig viktig. Vi har tre barn i alder fra fem år som alle elsker båtlivet. For å benytte naustetomten på en forsvarlig måte må trygg tilkomst til båt sattes som et hovedmål.
2. Slik tidligere byggeskikk er praktisert i dette naustemiljøet er kai tilrettelagt mot vest på alle tomter som er bebygde. Vi ser ingen grunn til at denne praksisen ikke skal videreføres.
3. I vår dispensasjonssøknad la vi vekt på det visuelle inntrykket tomten gir mot sjøen slik den fremstår i dag opp mot hvordan vi ønsker at det skal bli. Om vi avslutter tomtens byggegrense i flomålet, vil det visuelle inntrykket, spesielt på fjæret sjø gi inntrykk av en utbygging som ikke ser ferdig ut.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

## VURDERING

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Søknad om dispensasjon frå forbodet mot kaianlegg i arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner» i føresegna til KDP § 3.5.

Gjeldande KDP har i § 3.5 eit forbod mot kaianlegg i områder med arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner.

Omsynet bak forbodet er at ved utbygging av slike viktige arealområder som sjø, vassdrag og strandsoner er, så vert det naudsynt å sjå på utbygging og utvikling av areala i eit større perspektiv, med eit meir overordna blick enn det som lar seg gjere i enkelt saker. Sjøareala skal være tilgjengelege for allmenta, for friluft, ferdsel og fiske, både frå sjø og frå land. Det er samstundes naudsynt å ha oversikt over dyrelivet både i sjøen og på land i desse områda, før ein gjer tiltak som kan få konsekvensar for desse. I slike områder vert det særskilt viktig for administrasjonen å sjå på presedensverknadane av å gje løyve til dispensasjon i enkeltsaker.


Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS har gjeve ei positiv førehandsuttale til bygging av kai, men dei kan ikkje uttale seg om dispensasjonsspørsmålet. Fylkesmannen har i si uttale stilt seg negativ til at det vert gjeve dispensasjon frå forbodet mot kaianlegg i arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner».

Administrasjonen kan ikkje sjå kva fordelar som talar for å gi dispensasjon frå arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner, for oppføring av kai. Villkåra for å gje dispensasjon frå forbodet mot kaianlegg i område med arealføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner» er dermed ikkje oppfylt.»

Klagar påberoper seg likebehandling ved å vise til andre etablerte kaier i nabolaget. Likebehandling for den offentlege forvaltninga betyr at like saker vert behandla likt. Ein føresetnad er at det er gitt løyve til tiltaket. For å kunne påberope seg likebehandling må det ligge føre faktisk og rettsleg likskap i saken. Same plangrunnlag og lovverk som i vår sak må ha vore nytta ved gitt løyve (rettsleg likskap). Det må vere same type tiltak og same tilhøva som i vår sak (faktisk likskap).



Administrasjonen har valt å undersøke våre arkiv for samtlige eigedomar slik dei er synt på bilete:



Ved gjennomgangen har vi sett på 13 naustetomter og sett på om løyve til dei etablerte tiltala ligg føre.

1. 137/689 – Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø og kai ligg ikkje føre
2. 137/812 – Ubebygd naustetomt- dispensasjon og løyve til tiltak ligg ikkje føre
3. 137/707 – Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø og kai ligg ikkje føre
4. 137/184 – Vedtak om dispensasjon for naust og slipp, datert 21.06.2020
5. 137/179 - Løyve til oppføring av naust – saknr B-303/86, datert 29.10.1986, arkivnr. 1985/3528. Dispensasjon/løyve til etablert kai ligg ikkje føre
6. 137/192 - Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø ligg ikkje føre
7. 137/180 - Ubebygd naustetomt
8. 137/191 - Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø ligg ikkje føre
9. 137/699 - Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø og kai ligg ikkje føre
10. 137/603 - Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø ligg ikkje føre
11. 137/264 - Ubebygd naustetomt - løyve til naust i 27.02.1970 – sak 49/7. Arkivsak 1969/1131. Dispensasjon/løyve til kai ligg ikkje føre.
12. 137/295 – Løyve til naust i sak 2004/588, datert 30.03.2004.

Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø og kai ligg ikkje føre.

13. 137/178 - Dispensasjon/løyve til etablert naust/utfylling i sjø ligg ikkje føre.

Oppsummert så ligg det ikkje føre løyve til kaianlegg i området. Klagar kan ikkje påberope seg likebehandling. Om dei nente tilhøva er etablert før søknadsplikt vart innført med plan- og bygningsloven i 1969 eller om tiltaka skal vere gjenstand for oppfølging som mogleg ulovlege tilhøve, har administrasjonen ikkje tatt stilling til.

Det ligg ikkje føre rettsleg og faktisk likskap i dei påberopte sakene då klagar ikkje kan vise til eit løyve som er gjeven til etablering av kai. Dei etablerte kaiane i området kan ikkje påberopast som ledd i likebehandling då det ikkje er dokumentert løyve til tiltaka.

Ein kai vil ytterligare privatisere området, særleg med tanke på at sjøområdet har verdi for allmenta og den frie ferdsel der. Presedensverknaden er tydeleg tilstades då administrasjonen ikkje finn at det er gjeve løyve til andre kaiar i området.

I søknaden vart det fremja fleire naboklagar på både naust, slipp og kai. Tal interessekonfliktar som gjer seg gjeldande er høgt og fleire andre tilhøve gjer at tiltaket eventuelt bør avklarast gjennom ein planprosess og ikkje gjennom ein dispensasjon. Ein planprosess inneber ein grundig vurdering og medverknad frå intressentar slik at brukarane av sjø og området rundt strandsona kan få sine innspel vurdert i ein større samanheng.

Oppsummert finner administrasjonen at kaien sin privatiserande effekt i strandsona, allmenta si tilgang, viktig friluftsområde i bakant av nausttomta med kystveitrase, skjerpa strandvern etter 2009 og presedensverknad inneber at vilkåra for å kunne gje dispensasjon ikkje er oppfylt.

## **Konklusjon**

Det er administrasjonen si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

## **Aktuelt regelverk**

1. Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
2. Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
3. Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
4. Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngevast, jf. forvaltningslovens § 32.
5. Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.

6. Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
7. Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
8. Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
9. Der Fylkesmannen i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjefylkesmann. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjefylkesmann er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
10. Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
11. Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

#### **Vedlegg i saken:**

31.08.2020	Klage på vedtak - gbnr 137/184 Alver	1437660
31.08.2020	SV Klage sak 205275	1437661
31.08.2020	Klage sak 20-5275 gnr-bnr 137-184 Alver	1437662
	Kommune_30.08.2020	
08.07.2020	Dispensasjon til oppføring av naust og slipp - gbnr 137/184 Alver	1407064
15.05.2020	Uttale - gbnr 137/184 Alver - naust kai og båtopptrekk - dispensasjon	1392306
06.03.2020	Søknad om dispensasjon - GBNR 137/184 Alver	1360866
06.03.2020	E-postmelding - Søknad om dispensasjon - gbnr 137/184	1360867
06.03.2020	Vedlegg 2a,b,c,d,e__tegninger og bilde.	1360870
06.03.2020	Vedlegg 3_Ikke gjeldene nabovarsel. datert 04.02.2020	1360871
06.03.2020	Vedlegg 4_Nabovarsel__GJELDENE	1360872
06.03.2020	Vedlegg 5_Kommentarer til merknader	1360873
06.03.2020	Vedlegg 6_Forhåndsuttalelse Bergen Havnevesen	1360868
06.03.2020	Vedlegg 7_Side 25 i ``Forstudier til kommande kyst-sti	1360869
19.05.2020	Uttale til søknad om dispensasjon gbnr 137/184 Alver	1394284